



Det er god interesse for fotoutstillinga til Inga Tveito på Galleri Oska.

Roy Lervåg kan fortelja at det har vore god interesse for fotoutstillinga som Inga Tveito har på Galleri Oska på Sandakaien. Ustillinga vart opna 8.mai, og er Inga Tveito si debututstilling. Det vart kjent for alle kor dyktig ho er med kamera då eit av hennar vakre foto vart valt ut til å vera statsminister Solberg sitt offisielle julekortmotiv jula 2015.

Roy Lervåg kan fortelja at mange tek god tid til å nyta dei 24 fotografia som er plassert på veggene rundt i lokalet på Oska. Det er også mange som har kjøpt seg flott veggpynt til ein rimeleg penge. Det er bestillingslappar på Oska. Dei kan fyllast ut til leverast til betjeninga på Oska som vil det verta formidla vidare til Inga. Utstillinga vil framleis vera oppe ei god stund til.

Ved inngangen til sommaren er elles Roy Lervåg svært godt fornøgd med besøket både på søndagsmiddagane og på skaldyrkveldane. Sist torsdag var det fullt på skaldyrskvelden. Til komande torsdag, jonsoktaftan, er det framleis ein del ledige plasser. Til skaldyrskveldane bør ein bestilla bord. Skaldyrkveldar vert det kvar torsdag gjennom heile sommaren. Fredagane og laurdagane har det til no vore labert besøk, men han håpar det tar seg opp når sommaren set inn for fullt og tilboda vert betre innarbeidd. Han har også velsmakande og spennande menyar desse dagane.

Han seier elles at det stort sett kvinnheringar som har besøkt restauranten til no. Turistbesøket har vore lite foreløpig. Frå neste veke utvider han opningstidene til å gjelde fleire dagar. Alle servitørane han har tilsett er no i gang, og han er svært fornøgd med det han har sett av dei.


- Det er flinke og kjekke folk, avsluttar han og lover at mange spennande ting vil dukka opp utover sommaren. Dette vert jamnleg oppdatert på facebook-sida Smakifrå.

Vi er i sommerstemning
på Oska

SMAKIFRÅ Sjøen

USKEDALEN

SKALLDYRKVELD PÅ OSKA



Tekst og nett: Thor Inge Døssland Foto: Thor Inge Døssland og SmakifråOska

www.uskedalen.no/no/nyhende/14078

2/2